

Advokatfirmaet Schjødt AS  
v/Martin Støren  
Postboks 2444 Solli  
0201 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201013576-23/313/ENDKOR

Dykkar ref.:

Bergen, 22. februar 2013

**Sunnhordland Fjordbruk AS org. nr. 928801373, Tysnes Fjordbruk AS org. nr. 979495358 og Rogaland Fjordbruk AS org. nr. 938567697 - Klage på løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune**

Hordaland fylkeskommune viser til klage dagsett 20.02.2012. Det vert klaga på løyve til å etablere anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune. Løyvet er gjeve til Sunnhordland Fjordbruk AS, Tysnes Fjordbruk AS og Rogaland Fjordbruk AS 31.01.2013.

*Utsett iverksetting*

I klage av 20.02.2013 vert det bedt om utsett iverksetting til klagen er ferdig handsama.

**Hordaland fylkeskommune avslår med dette dykkar oppmoding om utsett iverksetting av vedtak, jf. fvl. § 42, med bakgrunn i følgjande:**

- Hovudregelen for slike saker er at konsesjonsinnehavar skal kunne rette seg etter vedtaket.
- Inngrepet på lokaliteten vil vera reversibelt med tanke på skadeverknad. Dykkar klage er ikkje ferdig handsama endå, og eit eventuelt medhald i klage vil føra til at vedtaket frå fylkeskommunen må omgjerast. Dersom vedtaket vert omgjort vil det vera mogleg å fjerna anlegget.

Avgjerdsla i høve til § 42 i Forvaltningslova vedrørande utsett iverksetting av vedtak er ikkje eit enkeltvedtak, men ei prosessleiande avgjerdsle. Det er difor ikkje klagerett på avgjerdsla.

*Klagen*

Hordaland fylkeskommune stadfestar å ha motteke klage på vårt vedtak av 31.01.2013 som gjeld ny plassering av anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure på lokalitet 13231 Høylandssund i Kvinnherad kommune.

Klagen er motteken innan fristen. I klagen står det at klagar vil avvente resultatet av eit dialogmøte før ein eventuelt kjem tilbake med utfyllande grunngjeving. Fylkeskommunen oppfattar dette som ein søknad om utsett klagefrist til etter dette møtet. Møtet skal finne stad i Rosendal den 26.02.2013, og fylkeskommunen finn med denne bakgrunnen å kunne utsette klagefristen til 08.03.2013.

Gudrun Mathisen  
seksjonssjef

Endre Korsøen  
spesialrådgjevar

Kopi: Sunnhordland Fjordbruk AS/Tysnes Fjordbruk AS/Rogaland Fjordbruk AS  
Kvinnherad kommune

